



SANDE KOMMUNE
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 30.10.2018
Tid: 13:45 – 18.20

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordførar	H
Ivar Slettevoll	Medlem	H
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Arnfinn Hide	Medlem	H
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	H
Arnljot Muren	Medlem	A
Trond Torset	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Camilla Auflem Vik	Medlem	A
Bjørn Flatøy	Medlem	TVP
Anne-Marte S. Beitveit	Varaordførar	TVP
Liv Sæther Myskja	Medlem	TVP
Olav Myklebust	Medlem	SP
Kari Grønnevik	Medlem	SP
Marion Flatøy Bringsvor	Medlem	FRP
Kåre Fjørtoft	Medlem	FRP
Einar Ekroll	Medlem	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Geir T. Torsvik	Medlem	A
Inge-Jonny Hide	Medlem	H
Elisabeth Strand Slettestøl	Medlem	H
Kjerstin Sande	Medlem	TVP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Merethe Almestad	Elisabeth Strand Slettestøl	H
Wenche Bjørkeng	Inge-Jonny Hide	H
Unny Iren Haugen	Geir T. Torsvik	A

Ove Myklebust

Kjerstin Sande

TVP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Konst.rådmann
Tove Cathrine Kvamme	Politisk sekretær
Øystein Johansen	Oppvekst- og kultursjef

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 21

KL 13.45 – 14.15 SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK V/EINAR HEIMDAL.

Informasjon om status, tidsaktuelt m.m.

KI 14.30 Statsbudsjettet 2019, budsjettgrunnlag Sande kommune v/administrasjonen.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 46/18	Skriv og meldingar	
PS 47/18	Tilstandsrapport for grunnskulen i Sande 2018	2018/962
PS 48/18	Budsjettregulering haust 2018 - oppvekst- og kultursektor	2018/952
PS 49/18	Økonomirapportering 3.kv. 2018 - Estimat 2018	2018/469
PS 50/18	Gjerdsvika hamn - tilleggsavtale med Kystverket	2015/428
PS 51/18	Gnr 73 Bnr 81 "Sandebu" - ang sal av eigedom	2018/742
PS 52/18	Endring av skulestruktur	2018/19

Eventuelt

Orienteringar:

Orientering om Søre Sunnmøre Reinhaldsverk v/Dagleg leiar Einar Heimdal.

Ordførar Dag Vaagen og konst.rådmann Oddbjørn Indregård takka tidlegare rådmann Asle Giske for hans innsats i Sande kommune.

Statsbudsjett 2019, budsjettgrunnlag for Sande kommune for 2019 v/konst.rådmann Oddbjørn Indregård

Rapportering Haugelia barnehage, samt orientering om Gursken Kyrkje og Elvebakken omsorgsbustadar v/Kjell Hauge.

PS 46/18

SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Kommunestyret :

RS 28/18 Protokoll frå kontrollutvalsmøte 24.09.2018

RS 29/18 Oppsummering orienteringsbesøk Sandsøy oppvekstsenter

RS 30/18 Kontrollutvalet Sak 34-18 Gjennomgang av møteprotokollar 2018

RS 31/18 Fylkeskommuna: Høyring mulig reduksjon i busstilbod frå 1. mai 2019

RS 32/18 Utdanningsforbundet Sande: Einingsleiar Kvamsøy Oppvekstsenter og Einingsleiar Gjerdsvika Oppvekstsenter - Manglande utlysing og tilsetjing i stillingane.

VEDTAK:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

PS 47/18

TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I SANDE 2018

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

1. Kommunestyret i Sande kjem med følgjande innspel til målsettingane i Tilstandsrapporten og oppfølginga av desse med tanke på utarbeiding av ny tilstandsrapport.
 - Fokus på dei grunnleggande dugleikane
 - Oppretthalde god jobbing med miljø/mobbing
 - Bruke rapporten/statistikken til aktiv refleksjon på avdelingane/i organisasjonen.
 - Sterkare fokus på psykisk helse
2. Innspela vert å innarbeide/ta omsyn til i samband med utarbeiding av ny tilstandsrapport.
3. Målsettingane forpliktar skulane og kommunen på å realisere måla så langt råd er

PS 48/18

BUDSJETTREGULERING HAUST 2018 - OPPVEKST- OG KULTURSEKTOR

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Det vert vedteke å gjennomføre følgjande budsjettregulering på oppvekst- og kultursektoren:

Overføring frå ansvar 2522 – Gjerdsvika barnehage til ansvar 2532 – Haugelia barnehage	<u>kr 500.000,-</u>
---	---------------------

PS 49/18

ØKONOMIRAPPORTERING 3.KV. 2018 - ESTIMAT 2018

Handsaming i Kommunestyret :

Konst. rådmann Oddbjørn Indregård orienterte.

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommunestyre tek Økonomirapport 3.kvartal 2018 og estimat 2018 til vitande.

Sektorane og einingane må fortsette arbeidet med kostnadskontroll for å halde fastsette rammer

PS 50/18

GJERDSVIKA HAMN - TILLEGGSAVTALE MED KYSTVERKET

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommunestyre godkjenner tilleggsavtalen mellom Kystverket og Sande kommune slik som vist i vedlegg 2.

Ordførar får fullmakt til å signere avtalen

PS 51/18
GNR 73 BNR 81 "SANDEBU" - ANG SAL AV EIGEDOM

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

1. Vedtak i K.sak 42/18 står ved lag.
2. Sande kommunestyre utset salstransaksjonen til hausten 2019.

PS 52/18
ENDRING AV SKULESTRUKTUR

Handsaming i Kommunestyret :

Dag Vaagen sette fram følgjande fellesframlegg frå Tverrpolitisk Liste og Høgre:

1. Sande kommunestyre vedtek å gjere slike endringar i skulestrukturen
 - Sandsøy og **Kvamsøy** vert slått saman til ei eining under felles leiing. Lokaliteten på Sandsøya vert oppretthalden førebels. Dersom barnetalet fortsatt er fallande fram mot hausten 2020, vert Sandsøy-lokaliteten teken opp til ny vurdering. Til dømes vurdering om udelt skule på barnetrinnet
 - 5. klasse i Gjerdsvika vert overført til Gursken skule. Gjerdsvika skule vert førebels oppretthalden for 1.-4. klasse, ev. under felles leiing med Gursken skule. Ordninga skal evaluerast i 2020.
2. Endringane gjeld frå skulestart 2019
3. Kommunestyret set som mål at Sandeskulen skal spare inn 1 – 2 mill på drifta i 2019. Alle einingar må bidra til moglege innsparingar. Kommunestyret legg til grunn at lavare elevtal skal gi lavare kostnad.
4. Det vert utarbeidd ei forskrift i samsvar med endringar jf. pkt 1. Forskrifta skal gi opplysningar om nærskular og kringsgrenser i Sande gjeldande frå 1. august 2019

Det vart halde gruppemøte.

Camilla Auflem Vik sette fram følgjande fellesframlegg frå Sande Ap, Sande Frp, Sande Sp og Sande V:

1. Sande kommunestyre vedtek å endre skulestrukturen i Sande.
2. Nedlegging av Gjerdsvika skule frå skulestart 2019. Elevane vert ført over til Gursken skulekrins.
3. Skulen på Sandsøy vert oppretthalden til 2020, og må då opp til ny evaluering.
4. Det vert utarbeid ei forskrift for skulestrukturen i Sande. Forskrifta bør innholde fritt skuleval mellom skulane i Sande kommune gjeldande frå 01.08.2019.

RØYSTING:

Fellesframlegg frå Tverrpolitisk Liste og Høgre fekk 11 røyster (TvP og H), og vart vedteke.

Fellesframlegg frå Ap, Frp, Sp og V fekk 10 røyster (Ap, Frp, Sp, V), og fall.

VEDTAK:

1. Sande kommunestyre vedtek å gjere slike endringar i skulestrukturen
 - Sandsøy og Kvamsøy vert slått saman til ei eining under felles leiing. Lokaliteten på Sandsøya vert oppretthalden førebels. Dersom barnetalet fortsatt er fallande fram mot hausten 2020, vert Sandsøy-lokaliteten teken opp til ny vurdering. Til dømes vurdering om udelt skule på barnetrinnet
 - 5. klasse i Gjerdsvika vert overført til Gursken skule. Gjerdsvika skule vert førebels oppretthalden for 1.-4. klasse, ev. under felles leiing med Gursken skule. Ordninga skal evaluerast i 2020.
2. Endringane gjeld frå skulestart 2019
3. Kommunestyret set som mål at Sandeskulen skal spare inn 1 – 2 mill på drifta i 2019. Alle einingar må bidra til moglege innsparingar. Kommunestyret legg til grunn at lavare elevtal skal gi lavare kostnad.
4. Det vert utarbeidd ei forskrift i samsvar med endringar jf. pkt 1. Forskrifta skal gi opplysningar om nærskular og kringsgrenser i Sande gjeldande frå 1. august 2019

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart Camilla Auflem Vik og Merethe Almestad valde.

Møtet slutt kl 18.20

Camilla Auflem Vik

Dag Vaagen

Merethe Almestad

Rett utskrift

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 1. november 2018

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær